

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 08.06.2016
Vår ref.: 2016/5056-3
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - klagesak. Klage på avslag om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø, Fv. 409, til parsell Gnr. 31 Bnr. 5 Håland, i Radøy kommune

Viser til oversending av klage på avslag om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø frå Fv. 409 til parsell Gnr. 31 Bnr. 5, Håland i Radøy kommune.

Klagenemnda handsama saken i møte den 31. Mai 2016 i tilleggssak til klagenemnda og gjorde slikt vedtak:

Saksprotokoll i klagenemnda – 31.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klage frå Leif Karstein Håland og Randi Helland over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 07.09.2015 om å avslå søknad om utbetring og utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 409 til eigedommen Gnr. 31 Bnr. 5, Håland i Radøy kommune, vert ikkje teken til følgje.

Vi ber om at de underrettar parten/klagaren om klagenemnda sitt vedtak i saka. Saksframlegg til klagenemnda skal verta gjort kjent for parten/klagar. Saksframlegget er grunngjevinga for vedtaket, jfr. forvaltningslova § 24. Saksframlegget følgjer som vedlegg.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Merethe Helland Nordnæs
seniorrådgjevar

Vedlegg: Saksframlegg til klagenemnda

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.